I dette hundradåret har det sikkert minka fort med skav-smiing til bruk i fjöset. Og dei siste 30-40 år er det vel heilt slutt. er avskrevet

Ludv. N. Holstad,
Hareid.

Møre og Romsdal
Hareid
Nedre Hariedsdal
46 5.

## Svar på tilleggsliste til nr. 7.

## Skav.

Spörsm. 1. Nei, det har ikkje lukkast meg å finne ut noko om dette spörsmålet

Spörsm. 2. Eg har ikkje höyrt noko om at föring med skav sette nokon avlit på kjötet. Men ein slaktar fortalde meg at han har lagt merke til at kyr frå fjösar som vart fora med skav, fekk so unatürleg store sugetåttar, opp til 1 cm. lange. Desse tåttar ligg tett i tett i vomba, og er vanleg kring 4-5 millimeter lange. Skavet var for störsteparten av rogn. Nokon annan verknad på sjölve dyret har eg ikkje höyrt om. Men at mjölka vert feitare og gulare er alle samde om

Spörsm. 3. Har ikkje höyrt noko om dette.

Spörsm. 4. Når eg spör dei gamle om dette so får eg altid det svaret at dei smia berre ettersvart dei trongde for vær dag. Dei skav ikkje opp og lagra. Og dei sette ikkje på nütalet om hausten med tanke på å bruka skav. Men det var mange som bruka litt skav sjölv om dei ikkje hadde for lite höyfor.

Spörsm. 5. Eg har ikkje noko fram på

9291

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

andre knivar til skaosmiing enn bandeknivem og so vanleg tollekniv, eller kanskje ogso ein vanleg bordkniv (tonge). Ingen her veit om noko ser=skilt skaokniv.

Men frå min barndom kan eg minnast at eg såg ein slik heimelaga skaol=kniv (eller skolpejarn) det såg slik ut:



Men eg trur helst at dette var brukt til utholing av trog og træsko eller ausker. Vinkelen var vel kring 180°. Det såg nærast ut som ei styrm skjå=spik som var böygd i ein runding og begge endane ned i eit skaft.

Spörsm. 6. Kjenner ikkje til dette her.

Spörsm. 7. Det var igrunnen ikkje tale om det ein kan kalle skog. Det var rogn og litt selje som vart skava, og dei trea stod einskild eller i 3-4 ilag her og der på bøen eller i ut=marka. Kjöping eller leiging av skao=skog kjenner ei ikkje til her.

Spörsm. 8-9-10. Nei, eg kjenner ikkje til noko av dette.

Spörsm. 11-12. Diverre eg kan ikkje svara anna enn at det er ukjent her i bygdene so vidt eg kan skyna.